

VEDTEKTER – "BYGDELAGET 5915"

§ 1 Namn

Laget sitt namn skal vera "Bygdelaget 5915".

§ 2 Formål

- Laget skal vera eit fellesorgan for bygdene som soknar til Leiknes skuleskrins frå Mundal i sør til Heggernes i nord.
- Laget skal vera ei samlande, inkluderande og koordinerande kraft og fremja heilskapstenking, humør og positiv innsats for bygda.
- Laget representerer bygda som høyrings- og samarbeidsorgan ovanfor kommunen og andre offentlege instansar.

§ 3 Juridisk person

"Bygdelaget 5915" er ein sjølveigande og frittstående juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 4 Medlemskap

- Alle som har, eller har hatt, postnummer 5915, inklusiv eigarar av fritidseigedom, har rett til å vera medlem.
- Ved sitt medlemskap godtek medlemene laget sine vedtekter.
- Medlemsskapet er gyldig den dagen det er betalt.
- Årsmøtet fastset kontingent for komande år.

§ 5 Årsmøte

- Laget sitt øvste organ er årsmøtet.
- Tid og stad for årsmøtet vert bestemt av styret og skal kunngjerast med minst 3 vekers varsel i lokalpressa. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av mars månad.
- Saker som medlemene ynskjer å handsama i årsmøtet, skal vera styret skriftleg i hende 2 veker etter kunngjering.

- Årsmøtepapira vert lagt ut på heimesida ei veke før årsmøtedagen.
- Alle som har løyst kontingent, har tale og stemmerett.
- Årsmøtet kan berre fatta vedtak i saker som går fram av innkallinga.
- Medlemer som har løyst kontingent, har ei stemme kvar. Stemmerett gjeld berre ved personleg frammøte.

§ 6 Saker på årsmøtet

- Val av ordstyrar, skrivar og 2 personar til å skriva under protokollen.
- Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Godkjenning av årsmelding.
- Godkjenning av rekneskap og revisjonsmelding.
- Innkome saker.
- Handlingsplan for komande år.
- Budsjett og fastsetjing av kontingent for komande år.
- Val av styre og revisor.
- Val av valnemnd.
- Framlegg til kandidatar til årets sambygding.

Stemmegeving på årsmøtet skjer med simpelt fleirtal med mindre vedtektene seier noko anna.

§ 7 Val

- Styret i laget består av 5 medlemer og 1 varamedlem.
- Leiar og styremedlemer vert valde for 2 år om gangen, eller for den periode som årsmøtet fastset.
- Det skal haldast skriftleg val når det er fleire kandidatar til ledige verv, eller det vert stilt krav om dette.
- Styremedlemer og leiar vert valde av årsmøtet i separate valomgangar.
- Styret konstituerer seg sjølv med kasserar og sekretær.

§ 8 Valnemnd

- a. Valnemnda består av 3 medlemmer og vert vald av årsmøtet for 2 år om gangen, eller for den periode som årsmøtet fastset.
- b. Valnemnda konstituerer seg sjølv.
- c. Valnemnda fremjar forslag til styremedlemmer, leiar og varamedlem samt revisorar.
- d. Nedre aldersgrense for styremedlemmer er fylte 15 år i valåret.
- e. Valnemnda skal søkja å fremja kandidatar til styret som representerer bygda si samansetjing på ein god måte.
- f. Årsmøtet kan fremja forslag i tillegg til valnemnda.

§ 9 Revisor

Laget skal ha revisor.
Revisjonsmeldinga skal leggjast fram på årsmøtet som del av rekneskapen.

§ 10 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan krevjast når styret bestemmer det, eller når 1/3 av medlemene krev det. Innkalling og sakliste fylgjer same prosedyre som ordinært årsmøte.

§ 11 Styret

Styret er laget sitt øvste organ mellom årsmøta. Varamedlemet deltar på styremøta og har stemmerett når eitt av hovudmedlemene har forfall.

Styret skal:

- a. Setja i verk årsmøtet sine vedtak.
- b. Stå for dagleg leiing av laget.
- c. Forvalta laget sin økonomi og midlar.
- d. Representera laget.
- e. Administrera prisen til årets sambygding.
- f. Etter beste evne å oppfylla laget sitt formål etter gjeldande vedtekter.

Styret har møter når leiaren bestemmer det, eller når 3 av styremedlemene bestemmer det. Styret er vedtaksført når 3 av 5 medlemmer møter, medrekna varamedlemet.

Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme. Leiar og kasserar har kvar for seg signaturrett for laget.


§ 12 Vedtektsendringar

Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal og må vedtakast i ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringane trer i kraft utan opphald.


§ 13 Oppløysing

- a. Oppløysing av laget kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysinga vedtatt med minst 2/3 fleirtal, vert det kalla inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at oppløysing kan skje, må vedtaket stadfestast med 2/3 fleirtal. Sitjande styre fungerer som avviklingsstyre.
- b. Laget sin formue skal etter oppløysing og evt. gjeldsbetaling, donerast det formålet som laget har arbeidd for å fremja. Ingen medlemmer har krav på laget sine midlar eller del av desse.

Vedteke i årsmøte 19. februar 2018



Underskrift



Underskrift